



Kjell Yri i gang med palmejerning ved grusbana sommaren 2007 saman med rettleiar Kåre Haugse. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Tromsøpalme, kjempebjørnkjeks eller kystbjørnkjeks – kjært barn har mange namn. Samme kva vi kallar plantene, men no er det viktig at plantene med fellesnamnet palmene ikkje får lov til å bløma ferdig og setja frø.**

Derfor kjem Kjell Yri med denne oppmoding til alle uskedelingar:  
Dersom du ser nokre av desse plantene bløma, ta ein ljà og slå av blomen!

- Dette er ein 2-årig plante. Dersom vi hindrar den i å laga nye frø, vil den dø ut etter to år. Uskedal Utvikling har på tredje året no et prosjekt der vi arbeider for å få bort denne farlege planta, opplyser Yri.

- Korleis er statusen til planta i sentrum av Uskedalen no?

Førekomsten er i år monaleg redusert i forhold til dei to føregåande åra. Dette viser at det hjelper å hindra ny frøsetjing, opplyser Yri.

Det var sommaren 2007 hovuddelen av jobben med å fjerne planten vart gjort. Eindel plantar er det altså framleis, men ikkje fleire enn det er greitt å slå dei ned med ljå utan å nytta gift.

Om ein får sevje frå denne planten på huda, kan det medføra store brannsar.

Av Ola Matti Mathisen